



Delegert sak

Motorferdsel i utmark og vassdrag - løyve til kvisting i Reinheimen 2013

Saksnr.		Dato
006/13	Delegert rådmannen	18.01.2013

Saksopplysningar:

Ålesund og Sunnmøre Turistforening har i brev dagsett 27.12.2012 søkt om følgjande: ” Vi viser til tidligere kvisting som vi mener fungerer ypperlig uten noen form for problemer.

Vi har fått mange positive tilbakemeldinger fra skigåere, spesielt med hensyn på det sikkerhetsmessige aspekt.

Som tidligere år, vil vi også i 2013 kviste løypa i løpet av februar og mars:

Tunga —Pyttbua —Veltdalshytta —Danskehytta - Grotli.

Vi håper dere ikke har noen motforestillinger til kvistingen, og vi ber i så fall om et snarlig svar.

Skjåk Røde Kors Hjelpekorps tar kvisting i Skjåk og Norddal kommune, Lars Fransplass tar kvisting fra Brøste og inn til Veltdalshytta i samarbeid med mannskap fra ÅST.”

Traséen ligg delvis innanfor Reinheimen nasjonalpark, og søknaden må vurderast opp mot verneforskriftene.

Alle saker som omfattar naturmangfoldet skal vurderast etter §§ 8-12 i Naturmangfoldlova.

I forvaltningsplan for Reinheimen heiter det:

”Ved merking av vintermerka løyper i regi av Ålesund og Sunnmøre Turistforening / DNT Oslo og Omegn, jf forvaltningsplanen kap 4.4.1 tabell 3 og temakart nr 3, kan det gjevast dispensasjon (jf § verneforskrifta 4) for bruk av snøscooter ved oppsetting og nedattaking av merkekvistar, men ikkje for tilsyn med løypene.”

Kvisting av den omsøkte traséen inngår i Forvaltningsplan for Reinheimen nasjonalpark, jf. temakart 3 i forvaltningsplanen. Bruk av snøscooter i samband med kvistinga krev dispensasjon.

Vurdering:

Vurdering etter Forvaltningsplanen for Reinheimen:

Kvisting/merking av omsøkt trasé inngår som nemnt i temakart, det er slik tillete. Kvistinga starta for nokre år sidan og det er knytt eit vesentleg sikkerhetsaspekt til kvistinga. I § 48 i Naturmangfoldlova er sikkerhetsomsyn kome inn som ei grunngeving for å kunne gi dispensasjon.

Blir kvistinga utført på ein omsynsfull måte skal det ikkje påverke verneverdiane nemneverdig eller stride mot verneformålet. Vi ser det knapt som realistisk at ein i dag kvistar desse løypene med bruk av ski, og utan dette alternativet gir skuter minst skader og det beste samfunnsmessige resultatet.

Vurdering etter naturmangfaldlova (NML):

Kunnskapsgrunnlaget (§8) når det gjeld det omsøkte tiltaket blir rekna som tilstrekkeleg til at ein ikkje treng å ta i bruk føre-var-prinsippet (§9). Tiltaket er med i Forvaltningsplanen, og verksemda har føregått over fleire år utan at negative verknadar på natur og miljø er kjent.

Etter § 10 “Økosystemtilnærming og samlet belastning” skal ei avgjerd vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Dette er ikkje ein type tiltak som skaper presedens då krava til å kunne gi løyve er konkrete og talet på aktørar som fell innanfor svært avgrensa.

NML § 11 seier at ”kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver”. Dette er lite relevant, men ein kan kome tilbake til problemstillinga om den skulle melde seg, då dette er ein årleg aktivitet.

I § 12 i NML står det:: “For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater”. Som nemnt er det lite realistisk at ein i dag kvistar løypene med bruk av ski, og utan dette alternativet gir skuter minst skader og det beste samfunnsmessige resultatet.

Kommunen som forvaltningsmyndigheit vurderer derfor formålet, saman med vurderingane etter NML §§ 8 –12, som tilstrekkelig til å kunne gi dispensasjon fra verneforskrifta på vilkår.

Dette er ein type søknad som kjem i kategorien fast og kjend, og kunne derfor fått fleirårig løyve. Dette blir i denne omgang overleite til neste års behandling å vurdere, dels fordi søknaden omfattar fleire kommunar og dels fordi vi ikkje kan sjå å ha motteke skriftleg rapport frå kvistinga, noko som er eit brot på vilkåra i tidlegare løyve.

Vedtak:

Med heimel i Naturmangfaldlova § 48, og i tråd med Forvaltningsplan for Reinheimen kap. 4.7.2 får Ålesund og Sunnmøre Turistforening dispensasjon frå Verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark for bruk av snøscooter til kvisting av skiløype etter etablert trase jf. temakart 3 i Forvaltningsplan for Reinheimen: Tunga — Pyttbua — Veltdalshytta og vidare mot Danskehytta – Grotli.

Det blir sett følgjande vilkår:

1. All køyring skal følge løypetrasé i forvaltningsplanen for Reinheimen. Løyvet gjeld den del av traseen som ligg innanfor Norddal kommune.
2. Kvistinga skal gjerast i regi av Skjåk Røde Kors Hjelpekorps, med maksimalt 2 snøscooterar.
3. Det skal brukast kvist av lokalt trevirke til kvistinga.
4. Løyvet gjeld ikkje tilsyn med kvistinga.

5. SNO v/ Thomas Rødstøl (mob tlf. 915 47 617), evt. Per Olav Haugen (mob tlf. 970 57 213) skal varslast på førehand om kva tid oppdraget blir gjennomført og kven som skal delta, og for innhente opplysningar om villrein. Skjer ikkje dette kan løyvet bli trekt attende.

6. Det skal førast køyrebok som blir utfylt på førehand og som følgjer med under køyringa. Norddal kommune skal ha køyreboka til gjennomsyn innan 1. juli 2013.

7. Motorferdsla skal gjennomførast omsynsfullt og med aktsemd for å unngå skade og ulempe for menneske og miljø.

8. Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å innhente dette.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringane ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden å oppgje når denne klagen kom fram.

Liv Marit Nystad

Vedlegg:

Dok.dato Tittel
07.01.2013 Kvisting i Tafjordfjella før påska 2013
10:55:11

Dok.ID
69078